

# Årsmelding 2001

Jæren museumsråd



2001 var eit godt år for Jærmuseet – på fleire måtar: Museet fekk løyvingar over statsbudsjettet til dei nye basisutstillingane/ vitensenterutstillingane. 2 mill. kroner vart utbetalt i 2001, med lovnad om yttarlegare 9 mill. fordelt på 2002 / 2003. Planlegginga og arbeidet med dei konkrete eksperimenta til utstillings-temaet «Teknologi og landskap» kom i gang vinteren 2001.

- Fleire eksperiment vart bygde og prøvd ut mot skular og anna publikum i løpet av våren. Dette var samtidig lekk i arbeidet med forprosjektet «Vitensenteret på Jæren» som Norges Forskningsråd løyvde 100.000,- kroner til, med lokale bidrag frå Hå og Randaberg kommunar. Jærmuseet bygde òg to eksperiment til Flyhistorisk Museum Sola som hadde eit samarbeid med Stangeland skole om utprøving.
- På bakgrunn av «ABM-meldinga» og møte med Kulturdepartementet og Norsk Museumsutvikling vart det starta forhandlingar om å slå saman musea i Sandnes med Jærmuseet. Representantar for Sandnes kommune, Sandnesmuseum, Jonas Øglænds bedriftsmuseum og Jærmuseet vart vinteren 2001 samde om forslag til intensjonsavtale om slik samanslåing frå 1.05.2002.
- Dette resulterte i at Kulturdepartementet delte ut dei første statlege «konsolideringspengane» våren

2001. 1,2 mill. kroner til Jærmuseet øyremarka tre nye stillingar: avdelingsleiar for Sandnes museum, mekanikar og kontorleiar! Allereie i november var den nye mekanikaren Endre Ueland på plass – ei stilling som hadde vore sårt sakna sidan den tidlegare museumshandverkaren Sverre Skjæveland vart pensjonist i 1996. Og Gro Persson var klar til å ta fatt som avdelingsleiar i Sandnes over nyttår 2002. Også stillinga som kontorleiar vart utlyst sist på hausten, med tilsetjing i januar 2002.

- Jærmuseet har og hatt fleire møte og samtalar med dei fleste jærkommunane om konsolideringsprosessen, eller «Museumsreforma» som nå er det offisielle namnet på dette arbeidet. Mykje tyder på at m.a. Hå og Klepp kommunar vil få til ein «konsolideringsavtale» med Jærmuseet over nyttår 2002.
- Også dette året har Jærmuseet drive aktiv samtidsdokumentasjon. Dokumentasjonen av arbeidsåret på garden til Jarle, Torunn og Jone Wiig på Orre vart fullført hausten 2001. Og prosjektet om flyplassen som møtestad har komme godt i gang.
- På grunn av faren for spreiring av munn- og klauvsjuka frå utlandet måtte Jærmuseet-Kvia 4 H gard stenga for publikum delar av vinteren og våren. Trass i redusert skulebesøk på garden, klarte Jærmuseet likevel å halda oppe talet på skuleklassar, og det samla publikumsbesøket auka med ca. 770 – til 19.771.

## Jæren museumsråd

Jæren museumsråd hadde årsmøte i Klepp rådhus 19. april. Etter ni år takka Jone Vadla av som styreleiar. Martha Ulvund, vart vald til ny styreleiar. Også Einar Lea gjekk ut av styret på dette årsmøtet, etter 11 år i styret. Han vart erstatta av Ivar Rusdal. Roald G. Bergsaker held fram som nestleiar. Liv Todnem vart attvald som rådsordførar og Solveig Horne Kolnes som varaordførar.

## Styret

Jone Vadla, private medlemmer, styreleiar til 19.04

Martha Ulvund, priv. medl., styreleiar frå 19.04

Roald G. Bergsaker, Rogaland Fylkeskommune, nestleiar

Tor Audun Bilstad, Klepp

Kåre Hauge, Sandnes

Arnfinn Vigrestad, Time

Gunnar Siqveland, Hå

Solveig Kolnes, Sola

Tom Tvedt, Randaberg

Liv Todnem, Gjesdal

Einar Lea, private medlemmer, til 19.04

Ivar Rusdal, private medlemmer, frå 19.04

Inger Smidt Olsen, representant for dei tilsette

*Varamedlemmer:*

Lars L. Salte, private medlemmer, til 19.04

Torleiv Bilstad, private medlemmer, frå 19.04

Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune

Sivert Skår, Klepp

Astrid Ulvatne, Sandnes

Gitle Byberg, Sola

Sven Åsland, private medlemmer

Kjellaug Ånestad Varhaug, Hå

Terje Larsen, Gjesdal

Leif Egil Torkelsen, Randaberg

Marit Egaas, Time

Björg Sandve, representant for dei tilsette

Styret har i meldingsåret hatt 7 styremøte og behandla 50 saker. Dei viktigaste sakene har vore knytta til byggeprosjektet, finansiering, andre økonomi-, løn- og budsjettsaker, vedtekter, samanslåing med musea i Sandnes og drøftingar omkring vidare konsolidering i regionen.

## Personalet

I 2001 har Jærmuseet hatt følgjande stillingar:

*Faste stillingar:*

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 stilling

Målfrid Grimstvedt, konservator/nestleiar, 1/1 stilling

Lars Ødemotland, gardsstyrar/formann, 1/1 stilling

Knut Austad, museumslektor, 1/1 stilling

Inger Smidt Olsen, konservator Flyhistorisk Museum Sola, 1/1 stilling

Björg Sandve, formidlar/assistent 1/1 stilling

Endre Ueland, mekanikar, frå 5.11.2001, 1/1 stilling

*Andre engasjement:*

Else Milde Berge, 70 %, kontor

Oddvar S.E. Lode, 100%, gardsarbeid / div. vedlikehald

Anne Jorunn Frøyen, prosjektmedarbeidar, 70 %

Odd Kjetil Liland, vikar formidling, frå 1.10., 100%

Vibeke Sørskog, onsdagar, servering pensjonistane

*Timeengasjement ekstrahjelp, reinhald,*

*restaurering, vakt, servering, avløyssarar,*

*4H-gardsvertar, ferievikarar:*

*Reinhald:* Adije Gashi

*Vakter:* Hege Tjøtta, Møyfrid Østby Larsen,

Siri Tørresen, Marit Obrestad, Gerd Våland  
*Avløyssarar:* Siri Skogmo Berge, Svein Morten Kleppe, Geir Atle Bore, Møyfrid Østby Larsen, Rannveig Nærland

*Ekstrahjelp:* Jon Obrestad (Hanabergmarka, køyring, garden, div.), Olaug K. Njærheim (julehjelp), Leiv Larsen (verkstad, vitensenter), Ragna Syvertsen, registrering, Sigbjørn Stangeland, formidling, Petter Jordan, edderkoppstillinga, Lars Ole Grimstvedt, diverse, Torfinn P. Håland, vitensentereksperiment, Isak Haddeland, Njål Undheim, innreiing undervisningsrom Audamotland

*Ferievikarar:* Helene Østby Larsen, Møyfrid Østby Larsen, Marit Obrestad

*Friviljuge vakter i heimehuset:*

Joakim Anda, Dagmund og Aud Marie Bernssen, Arnulv Brekke, Åsa og Tor Høiland, Gunnlaug Høyland, Martin Torvund, Inger og Alv Zachariassen, Margit og Kåre Kvia, Martha Møllerup Bernssen, Sverre Skjæveland.

Tilsaman hadde Jærmuseet 11 årsverk i 2001, mot 10 årsverk i 2000. Det er utført omlag 0,2 friviljuge årsverk.

## Økonomi og administrasjon

«Omsetninga» på Jærmuseet dette året var omlag 6,27 mill. kroner, inkludert utstillingsprosjektet og bruk av andre øyremerka tilskot.

Det faste driftstilskotet innunder tilskotsordninga var opphavleg 3.271.000,-. Som følgje av «Museumsreforma» og konsolideringsavtalen med musea i Sandnes fekk Jærmuseet eit ekstra statstilskot på 1,2 mill. våren 2001. Sist på hausten betalte dessutan fylkeskommunen ut ein kompensasjon for auka pen-



2001 var Garborgår. På Jærmuseet blei dette markert på fleire måtar. Bildet er frå utstillinga til Herborg Kverneland og Herborg Larsen – eit samarbeid i biletevev til 150-årsjubileet for Garborg sin fødsel. Bilda hadde motiv frå Haugtussa, her ser de Veslemøy.

sjonsutgifter til regionmusea – som for Jærmuseet utgjorde vel 46.000 kroner. Dette dekket likevel på langt nær dei ekstra pensjonsutgiftene museet vart påført dette året. Samla offentlege driftstilskot i 2001 var såleis kr. 4.517.083,-. Eigeninntekter frå div. salg, utleige, entré, medlemskap utgjorde omlag 960.000,-, litt mindre enn fjoråret, medan vel 700.000,- var bruk av øyremerka midlar og prosjekttilskot. Løns- og sosiale kostnader utgjorde nesten 3,4 mill. av dei samla utgiftene på 5,98 mill.

Ekstratilskotet frå staten blir vidareført i 2002 og er som nemnt øyremerka dei nye stillingane.

Driftssituasjonen dette året har såleis vore betre og lysare enn åra før, sjølv om me ennå har mange uløyste oppgåver og begrensa ressursar.

#### Oversyn over fordelinga av ulike inntekter:

	2001		2000	
	kr.	%	kr.	%
Fylkeskommune/stat	3.470.350	50,5	2.073.000	43,0
Eigarkommunane	1.046.730	15,5	1.015.000	21,0
Prosjektmidlar / øyremerka tilskot <sup>1)</sup>	707.200	11,0	225.000	4,5
Eigeninntekter <sup>2)</sup>	1.025.430	15,0	1.052.120	22,0
Finansinntekter	559.490	8,0	420.000	8,5
Samla inntekt <sup>3)</sup>	6.809.200		4.785.120	

<sup>1)</sup> Bruk av prosjektmidlar, ulike prosjektrefusjonar og bruk av overførte øyremerka tilskot i driftsåret.

<sup>2)</sup> Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av bøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvia, medlemspengar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter, servering, kafe, utleige og div.suvenirsal.

<sup>3)</sup> Omfattar både driftsinntekter og finansinntekter.

#### Diverse gratysytingar

Hå kommune dekket ein del kostnader som ikkje kjem fram i museet sin rekneskap ved at kommune-

kassen fører rekneskapen og betalar ut lønna. Dette er til svært stor hjelp for oss. Museet må sjølv stå føre kontorføring av løn, andre utgifter og inntekter, kassaoppgjer, fakturering etc.

#### Arbeidet med 2. byggesteg, utstillings- og magasinbygget

Arbeidet med utstillings- og magasinbygget er i all hovudsak slutført dette året. Men ennå ventar ein del innvendige arbeid som m.a. ventilasjon, klimaanlegg i spesialmagasin og innvendige dører i underetasjen. Me håpar òg å få til ei etterlengta utviding av kjøkeket. Medrekna desse arbeida vil utstillingsbygget kosta om lag 16,2 mill. kroner. Ved årsskiftet manglar Jærmuseet ca. 1,7 mill. Avtale om sluttfinansiering skal handsamast i Hå kommunestyre i februar 2002.


#### Vitensenterutstillingane

Det nye utstillingsbygget + det tidlegare studiemagasinet i 1. byggesteg vil tilsaman gi oss omlag 1000 m<sup>2</sup> utstillingsareal. I tillegg kjem 400 m<sup>2</sup> i underetasjen av nybygget som blir nytt studiemagasin tilgjengeleg for publikum

Dei planlagde utstillingane er bygde opp kring seks hovudtema med følgjande arbeidstitlar:

- Teknologi og landskap
- Byggeskikk
- Husdyr
- Energi
- Frå smed til robot
- Frå jord til bord

Innimellom vil ein formidla mindre tema eller tema som kan binda saman ulike hovudtema – som f.eks. vatn.



Jærmuseet med det nye bygget på plass.

Den første utstillinga «Teknologi og landskap» skal åpna våren 2002. Me håpar og at store delar byggeskikktemaet blir ferdig 1. halvår 2002.

#### Utstillingsarbeidet

Ei gruppe av dei tilsette på museet står for prosjektorganisering, planlegging og til dels også bygging av eksperiment. Gro Persson vart engasjert som utstillingsarkitekt, men me lukkast ikkje med å engasjera ein prosjektleiar utanfrå. Målfrid Grimstvedt har den oppgåva. I tillegg til desse to er Målfrid Snørteland, Knut G. Austad og Anne Jorunn Frøyen med i prosjektgruppa. Lars Ødemotland, Leiv Larsen og Endre Ueland har stått for planlegging og bygging av fleire eksperiment. Epcon ved Mikal Bjørløw er engasjert som byggeleiar for dei større innstallasjonane i utstillingane.

Våren 2001 starta planlegginga av utstillingane på Jærmuseet for alvor. Me har brukt mykje tid på å knytte kontaktar og presentera planane våre for ulike fagmiljø, sentrale bedrifter og enkeltpersonar.

Utetter våren hadde me fleire møte og idedugnader med bl.a. Planteforsk Særheim som har eit nasjonalt ansvar for to område: Veksthus og grøntanlegg. Arne Sæbø frå Planteforsk laga notatet «Myr; Historiebok, naturreservat, medium for vannrensing og matproduksjon» som innspel til vidare arbeid med utstillinga «Teknologi og landskap». Me knytte fleire kontakter til Høgskolen i Stavanger, særleg til fagfolk innan kjemi og miljøfag.

Med tanke på hydraulikk-eksperiment har me hatt kontakt med så vel Gand vid.skole, enkeltpersonar og bedrifter. Geologar frå NGU og Universitetet i Bergen er og trekte med i planlegging av eksperiment og bak-

grunnsmateriale som gjeld landskapsforming og landskapsendringar.

«Teknologi og landskap» er det første temaet som skal gjerast ferdig. Utstillinga blir plassert i Høgt magasinet og på hemsene. Arkitekten presenterte sin hovudide til utforminga i juni: Gravemaskinen «Brøyt» skal løftast 2,5 m opp i rommet og plasserast på eit platå som vil framstå som ein rest av ei jærsk myr. Platået skal binda saman utstillingane nede på golvet og på hemsene som ligg om lag 5 m over golvet. Samstundes blir det rom under platået som vil huse viktige delar av utstillinga.

Konserveringsavdelinga v/Arkeologisk museum i Stavanger vil stå for bygginga av myr- og landskapsnitt, og museet bidrar elles med viktig arkeologisk og naturhistorisk kunnskap.

Me planlegg også å ta i bruk eit rom i tilknytting til utstillingsromet. Det skal nyttast til undervisningsrom/arbeidsrom for grupper og som fordjupingsrom for vanleg publikum.

Museet har også hatt møte knytta til andre tema i utstillingane, t.d. med markedsjefen i ABB, Bryne; informasjonsavdelinga i Lyse Energi.

I desember hadde me ein større idedugnad knytta til temaet «Husdyr». Det var eit samarbeid mellom museet og Norges Veterinærhøgskule på Høyland i Sandnes.

Museet har også nytta dette året til å besøka vitensentra i inn- og utland. Utstillingsarkitekten Gro Persson besøkte Teknikkens Hus i Luleå og Tom Tits i Södertälje, Sverige. Målfrid Snørteland og Målfrid Grimstvedt besøkte musé i Barcelona og seinare i Paris. Styreleiar Martha Ulvund var med til Cité des sciences et de l'industrie i Paris.

I oktober var prosjektgruppa på besøk til Experimentarium i København. Der fekk me både møta leiinga og sjå bak kulissane, i tillegg til å studera eksperimenta og publikum. Alle besøka har vore nyttige og naudsynte for å komma vidare i vår eiga planlegging.

#### Forprosjekt for vitensenter på Jæren

Målgruppa for dei nye utstillingene er først og fremst skular og ungdom. Museet legg difor stor vekt på å prøva ut ulike eksperiment saman med skuleklassar og vurderer eksperimenta i forhold til aktuelle læreplanar for ulike klassesteg.

Også på lokal- og spesialmusea i regionen er det behov for nytenking i formidlingsarbeidet. Særleg Flyhistorisk Museum Sola og det planlagde fyrmuseet på Tungenes peika seg ut som tekniske museer kor ein burde leggja til rette interaktive eksperiment knytta til desse musea sine særtema, og dermed utvida formidlinga til i større grad å ta utgangspunkt i teknologi og naturvitenskap. Både Tungenes fyr / Randaberg kommune og FMS var interesserte i å delta i eit forprosjekt for å undersøka mulegheitene for å utvikla «vitensenterutstillingar» på sine institusjonar innanfor ramma av eit regionalt vitensenternetverk. Forprosjektet vart sett i gang hausten 2000, og avslutta våren 2001.

Målet med forprosjektet var m.a. å integrera og prøva ut vitensentertanken på eit regionmuseum med museumsavdelingar ulike stader i regionen og finna fram til forpliktande samarbeidsmodellar mellom vitensenter / museum og skule, der besøk på vitensenteret / museet blir ein integrert del av undervisinga i naturfag. Utstillingane skal bidra til å binda saman teori og praksis, slik at elevane skjønar samanhengane mellom meir abstrakte, fysiske prinsipp/lover og tek-



For å lære av andre Vitensentra, reiste prosjektgruppa til Experimentarium i København. Her er Knut Austad i gang med å fortelja korleis vatn riv med seg lausmassar og formar landskapet. Dei andre på bildet er frå venstre: Lars Ødemotland, Målfrid Snørteland, Gro Persson og Målfrid Grimstvedt.

nologien i kvardag og arbeidsliv. Forprosjektet vart gjennomført på ulike måtar på dei tre institusjonane:

På Tungenes Fyrmuseum var det ei eiga arbeidsgruppe som arbeidde med ulike utstillingsidear. Hydrograf Atle Midthassel ved Sjøkartverket i Stavanger utarbeidde fleire notat om det faglege innhald og idegrunnlaget for utstillingane på fyrmuseet.

På Flyhistorisk Museum Sola samarbeidde Inger Smith Olsen med Stangeland skole om å planlegga og prøva ut interaktive eksperiment som kunne supplera dei eksisterande utstillingane på museet. Jærmuseet, v/Lars Ødemotland og Leiv Larsen bygde to eksperiment til FMS i samband med dette, ein luftkanon og ein vindtunnel.

Det mest omfattande arbeidet vart utført på Jærmuseet Kvia. Museumslektor Knut Austad samarbeidde med ein klasse frå Varhaug skule og ein klasse frå Nærbø ungdomsskule. Det vart utarbeidd to undervisningsopplegg (for 5. klasse og 8./9.klasse). Det er også utarbeidd eigen prosjektrapport. Rapporten og undervisningsopplegga er lagde ut på Jærmuseet sine heimesider.

Evalueringane viste at dei interaktive formidlingsmetodane engasjerte både lærarar og elevar meir enn den vanlege klasseromsundervisinga, og at opplegget på museet bidrog til å binda saman teori og praksis. Samtidig peika fleire av lærarane på at profilen på undervisningstilbuda ikkje må bli for snever.



Elevar frå Orstad skole i gang med å «læra ved å gjera» på Flymuseet.

Skulane har behov for institusjonar og læringsarenaer som kan gi tilbud innan fleire tema og fagområde. Dette understrekar at ein må utvikla dei tverrfaglege perspektiva ved musea / vitensentraene.

Det vart laga ei eiga brosjyre om «Vitensenter på Jæren» før jul.

#### NAV – det nasjonale nettverket av vitensentra

Våren 2001 vart det sendt ein felles søknad til KUF (kyrkje- og undervisningsminister Trond Giske) om statleg støtte til vitensentraene. Diverre har ein ennå

ikkje fått gjennomslag for dette. Representantar for NAV hadde fleire møte med medlemmer i KUF-komiteen på forsommaren.

Det vart òg sendt brev til samtlige parti i samband med valkampen. Dei aller fleste partia uttrykker positiv velvilje og interesse for denne type tiltak med tanke på å auka interessa for realfag, men ennå er det tydelegvis eit langt stykke igjen til konkret handling.

#### Jærmuseet-kvia 4H-gard

Drifta på garden har i hovudsak følgt same driftsopplegg som tidlegare år.

#### Husdyra

##### Kyrne

Pr.31.12. 2001 hadde museet følgjande besetning:

20 Silkrei

21 Plomma

19 Kvirei, slakta vår -01

22 Mathilde, slakta 12.11.01

23 Stutkalv etter 09, slakta vår -01

24 Stutkalv etter Kvirei, slakta vår -01

25 Kossekalv, Kvirei (2)

26 Stutkalv

27 Stutkalv

Mathilde har vore utlånt til Vistnestunet i Randaberg. Det var stor sorg mellom besøkande barn då kua måtte slaktast i samband med kalvingsvanskar.

I samband med juleopplegget i desember fekk Jærmuseet låna ei ku av Olaug K. Njærheim.

##### Andre husdyr:

Museet har ei sugge. Eit kull vart fødd mot slutten av året 2000, neste kull (10 stk) kom 17. august, av

desse er fem igjen som slaktegris pr. 31.12. Museet har framleis ein liten flokk jærhøns, ti høner, ein hane og fire kyllingar som er ruga i rugemaskin på museet.

Jærmuseet har ved årsskiftet to hestar: Sandrina og Veslemøy. Jon Obrestad har nokre sauer på Kviagarden, i tillegg fekk museet to kopplam.

#### Åker og eng

På *Vodlen* vart det sådd havre + litt potet. Skuleklassar var med og sette poteter og tok dei opp. Ein del av havren vart skoren med sjølvbindar, resten vart skore med skurtreskar og levert til mølla. Ein del av arealet på *Vodlen* er planert ut med tanke på utandørs demonstrasjonsområde.



Torer eg verkeleg dette? Edderkoppstillinga var skremmande, men populær. Ungar og vaksne kunne halde ein sprell levande tarantella (*chile rose / grammostola rosea*). Her er det Sigbjørn Stangeland som held styr på dei.

*Tingsteinsvodlen*: eng til høy og silo.

*Trikanten*: Havre, skurtreska og levert til mølla

*Vestre Vodlen*: Også her vart det sådd havre, storparten vart skurtreska, men noko vart hausta med sjølbindar.

*Bekkjavodlen* – brukt til beite, helst til kyrne.

Hestane beiter i *Hanabergmarka*.

### Aktivitetsdagar og utoverretta verksemd

Jærmuseet åpna sesongen søndag 4. mars med utstillinga «Som peppar og salt». Museet hadde åpe for vanleg publikum til og med søndag 11. november.

### Utstillingar

04.03–13.05: «Som peppar og salt», Strikkeklede og gyllenlær i eigen design v/Rønnaug Tunheim og Anne-Lise Ahlquist

01.04–27.05: «Opplev edderkoppene». Vandreutstilling frå Bergen Museum og Akvariet i Bergen. Publikum fekk høve til å halda edderkoppene kvar søndag med hjelp av frivillige «edderkoppvakter»

20.05–02.09: «Sengepryd i ny skrud». Utstilling av Bjørg Njå der ho leita fram gamle åkle og bolster, og sjølv laga nye kopiar av nokre av desse.

09.09–21.10: «Møte med Veslemøy». Teppe i biletvev vove av Herborg Larsen etter teikning av Herborg Kverneland, med motiv frå Haugtussa.

04.11–11.11: Utstilling av 4H-oppgåver v/ Påfuglen 4H-klubb

Juni–november: Prøveeksperiment med stein, taljer og hydraulikk.

Edderkoppstillinga kom til oss frå Naturhistorisk Museum v/ UiO. Stor takk til staben her som hjelpte oss med både fagleg og praktisk rettleiing, og som la til rette både brosjyre og internettsider for oss under utstillingsperioden.

### Aktivitetsdagar og arrangement

29.04: «Småkryp i Hanabergmarka» – på leit etter spennande småkryp under stokk og stein, v/Tore Nielsen

08.06: «Arne + Hulda = sant». Einaktar med skodespelarane Sigve Bø og Gunhild Kværness med etterfølgjande Huldameny og kåseri om «Huldamat» v/ Ruth Hege Holst

17.06: «Teknikkens dag». 50-års jubileum for Skjærpeplogen med demonstrasjon og utstilling. 4H-dag v/ Soldogg 4H

16.09: «Tradisjonar i tre». Aktivitetsdag v/Jæren Husflidslag

28.10: «På tide å førebu julematen?». Demonstrasjonar og smaksprøvar på forskjellige slag julemat.

04.11: 4H dag v/ Påfuglen 4H

11.11: «Haust på den gamle garden», aktivitetar v/vennelaget

### Sommartilbodet

Museet hadde sommaråpe frå 16.06–12.08. I juli hadde me også dette året særskilt dagsprogram med aktivitetar på museumsgarden.

Sommarbesøket var noko mindre enn i 2000, vel 1500 besøkande i juli mot ca. 1850 i juli månad i fjor. Det var òg betydeleg færre ferieklubar denne sommaren.



Frå «Hulda + Arne = sant», einaktar med skodespelarane Sigve Bø og Gunhild Kværness.

### Utleige, servering, grupper

Museet hadde noko meir inntekter på utleige dette året, medan inntektene på servering av grupper var vesentleg lågare. Museet hadde 54 utleige og 27 gruppebesøk med servering.

### Skular og barnehagar

Skular og barnehagar har som tidlegare år bruka Jærmuseet jamnleg, særleg gjeld det skulane i Hå. Bø og Motland skule har nytta museet både vår og haust med 3. og 4. klassetrinn, tilsaman har dei vore her 72 gonger. Varhaug skule 4. klassetrinn har vore her 12 gonger, og 5.–7. klassetrinn har vore her 14 gonger. Vigrestad skule 3. og 4. klassetrinn har òg vore her 14 gonger.

Alle desse klassane har vore med på undervisningsopplegget «Læra med å gjera». Dette betyr at fleire av

skulane i Hå nå har integrert undervisinga på Jærmuseet i si ordinære undervising. Dette samsvarar òg med museet sine mål. Samtidig har dette ført til at andre skular har hatt problem med å komma til.

Diverre har ikkje museet kapasitet og personale til å ta i mot alle som ønskjer å komma på besøk, slik at etterspurnaden frå skulane i regionen er langt større enn tilbudet.

Museet drøftar nå alternative løysingar med skulekontoret i Hå, slik at fleire lærarar frå Hå-skulen kan nytta meir av Jærmuseet sine tilbud på eiga hand, og såleis auka den samla undervisningskapasiteten.

Oppstillinga nedanfor syner fordelinga av ulike grupper og alderssteg.


	2000	2001
Barnehagar:	30	25
Barneskular:	147	158 (Hå: 112)
Ungdomsskular:	8	20
Vid.gående sk. / Høgskular:	19	13
Ferie klubbar:	19	7

Til saman 223 skulegrupper i 2001, det same som i 2000. I 2001 var elevtalet 5194, mot 5057 elevar i 2000.


«Edderkoppstillinga» trekte mange skuleklassar på vårparten. Utstillinga egna seg veldig godt i formidlinga og kunne også overførast til vår lokale edderkopp fauna.

Smittefaren i samband med munn- og klauvsjuka i utlandet førte til at Jærmuseet-Kvia 4H-gard var stengt for skular og barnehagar fram til sommarferien. Det førte naturlegvis til at museet ikkje kunne ta i mot så mange skular som ynskeleg i den perioden.

**Besøk på Jærmuseet i 2001**  
19 771 personar



**Talet på grupper pr. måned i 2001**  
405 i alt



### Seminar

Jærmuseet har arrangert følgjande seminar:

- 4. april: naturfag-seminar om insekter og edderkoppar.
- 5. og 12 september: naturfag-seminar om plante- og dyreliv i dammar, vatn og vassdrag.
- 2. oktober: naturfag-seminar om planter – ei kjelde til helse og trivnad.

Det siste seminaret var eit samarbeid mellom Jærmuseet, Hageselskapet i Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland/landbruksavdelinga. Dei andre seminarane har vore eit samarbeid mellom Jærmuseet og biologilektor Tore R. Nielsen.

- 2.–3. oktober heldt NMU eit kurs i forebyggjende konservering på Jærmuseet.

### Matutstilling i Sola

Delar av matutstillinga («Metta – meir enn mat») vart sett opp i Sola i januar og februar. Formidlinga skjedde frå Sola kulturkontor. 250 vaksne, 200 barn og 5 skuleklassar besøkte utstillinga.

### «Sjå Jæren».

Garborgåret sette òg sitt preg på «Sjå Jæren». Boka inneheldt to artiklar av professor Inge Særheim, HiS – om målreisaren Arne Garborg og korleis Garborg har nytta jærmålet i bøkene sine.

Boka presenterte elles ei samling av gamle jærskje ord og uttrykk lagt til rette for oss av Jakob Aano og Audun Øyri presenterte ein dokumentasjon av ulvefeller i utmarka.

Det andre hovudtemaet i boka tok føre seg jærjordbruket i etterkrigstida med artiklar av Anne Jorunn Frøyen: «Den driftige jærbonden i etterkrigs-

tida – myte eller realitet?», og Målfrid Grimstvedt: «Gulrot eller mjølk. Ein jærsk sjøgard ved tusenårskiftet».

### «Jærslappen»

Vennelaget har starta opp eige meldingsblad, «Jærslappen», som kom ut med to nummer i 2001.

### Internett

Dette året har Jærmuseet begynt å leggja ut informasjon om Vitensenteret på Jæren på heimesida vår. Me la ut rapporten om forprosjektet. Det er også muleg å henta ned dei to emneheftene som vart laga for barne- og ungdomskulen. Undervisningsopplegg for ulike klassesteg er lagt ut på heimesida vår.

På tampen av året fekk Jærmuseet sitt eige domenamn: www.jærmuseet.no. Det betyr m.a. at dei tilsette kan få sine egne epostadresser.

### Forskning og dokumentasjonsprosjekt


#### Samtidsdokumentasjon

Både Jærmuseet og Flyhistorisk museum Sola har arbeidd med sine prosjekt i 2001 og delteke i det nasjonale nettverk innan samtidsdokumentasjon, koordinert av Sekretariatet for Samtidsdokumentasjon på Maihaugen.

«Gulrot eller mjølk – eit gardsbruk på Jæren i 2000» Hovudparten av dokumentasjonen i dette prosjektet føregjekk i år 2000. Me følgde garden Opheim på Vik frå mars 2000 til mars 2001. Det vil sei at januar og februar var aktive månader.

Det vart også nokre besøk på Vik seinare på året, for å få med seg arbeidsoppgåver som ikkje kom med

Bjørg Njå er i ferd med å visa kva som gøymer seg i eit gammalt åkle frå Gjesdal. Sommaren 2001 kunne publikum sjå fleire av Bjørg Njå sine teppe, kopiar av gamle åkle og bolster.



## – Spanande saman

– Det er som å krydra maten med pepar og salt, seier Rønnaug Tunheim og Anne-Lise Ahlquist, som stiller ut strikk og gyllenler på Jærmuseet. Dei treftest for to år sida i Stavanger, og la merke til kvarandre sine ting. Om dei aldri før hadde arbeidd saman, såg dei at uttryksformene og fargane passa.

**SIDE 5**



**MØTE:** I eitt år har Rønnaug Tunheim og Anne-Lise Ahlquist arbeidd fram mot utstillinga på Jærmuseet. (Foto: Anne Berit Hatlem)

Jærbladet hadde førehandsomtale av Rønnaug Tunheim og Anne-Lise Ahlquist si utstilling «Som pepar og salt».



Kan du hjelpe meg? Ein småskule klasse hadde fått til oppgåve å skjera korn og laga kornband. Her er det Kåre Kvia som viser korleis det skal gjerast. Han kom forbi saman med kona Margit Kvia. Dei kunne kunsten!

året før. Såleis vart dei siste filmopptaka gjort hausten 2001. Dette året vart det teke om lag 2 timar video, 200 dias og digitale foto.

Målfrid Grimstvedt presenterte prosjektet og garden gjennom artikkelen «Gulrot eller mjølk. Ein jærsk sjøgard ved tusenårsskiftet» i museet si årbok.

«Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet» Inger Smidt Olsen har også dette året arbeidd med prosjektet «Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet» der foto, video og intervju skal gi eit bilde av «livet på flyplassen» ved tusenårsskiftet. Prosjektet som har fått støtte gjennom «Dokument 2000», omhandlar flyplassane ved Stavanger og Haugesund.

Terroråtaka mot World Trade Centre 11. september har forseinka feltarbeidet noko. Nye sikringstiltak på flyplassen avgrensar også arbeidet meir.

### Andre prosjekt

*Teknologisk endring og produktutvikling*

I mai 2001 kom Norsk Teknisk Museum si årbok *Volund* med eit temanummer om plast. Ho inneheldt m.a. rapporten frå Jærmuseet sitt prosjekt «Plast i jordbruket» som vart avslutta hausten 1999.

*Registrering av insekt og edderkoppar på Kviamyra*

Tore R. Nielsen har på oppdrag av Jærmuseet, og i samarbeid med Universitetet i Bergen, utført innsam-

ling og registrering av insekt- og edderkoppfaunaen på Kviamyra sommaren 2001. Knut Austad frå museet har deltatt i planlegginga av prosjektet og bistått med praktisk hjelp i felten.

Bakgrunnen for prosjektet er å kartlegga faunaen før vass-standen i myra vert heva. I samråd med Fylkesmannen si miljøvernavdeling tar ein sikte på å tilbakeføra myra til ei myr av det «gamle slaget», med større våtmarksprege og rikare vassfuglfauna. Registreringa i 2001 skal følgjast opp med ei ny registrering i 2003 for å få fram eventuelle endringar i faunaen etter hevinga av vass-standen.

Insektmaterialet vert bearbeidd av Tore R. Nielsen, det øvregge materialet vert bearbeidd av førsteamanuensis Erling Hauge v/ Zoologisk museum, UiB.

### Studiemagasinet

Når byggesteg 2 av Jærmuseet står ferdig får me eit åpe studiemagasin på nær 500 m<sup>2</sup>. Her vil me stilla ut stort og smått av landbruksreiskap; frå traktor til ljå. Det vil seia at det beste av det som nå står rundt på magasina skal få komma fram i lyset. Samlinga skal også høva som studiesamling for den undervisninga me driv på museet. Derfor starta me førebuingane med ein gjennomgang av samlingane våre.

Første halvår 2001 var Anne Jorunn Frøyen engasjert til dette arbeidet. Ho systematiserte registreringane av landbruksreiskapar for å laga eit oversyn over kva me har og ikkje minst, kva museet manglar.

Sjølv om 500 m<sup>2</sup> høyrest mykje ut er det mange reiskapar me skal finna plass til. Me vil dokumentera korleis gardsarbeidet vart gjort, samtidig som me vil gi eit bilete av den mangfaldige reiskapsproduksjonen på Jæren. Anne Jorunn Frøyen er godt i gang med å

plukke ut kva gjenstandar som bør visast i magasinet, og har begynt arbeidet med å leggja til rette opplysningar om gjenstandane.

Planen er at opplysningar om alle dei utstilte gjenstandane skal vera tilgjengelege i ein database i studiemagasinet.

### Lager, tilvekst og samlingar

#### Innsamling

Jærmuseet har også dette året måtta takka nei til mange tilbod, men me set stor pris på at folk kontaktar oss. Museet lyt i hovudsak avgrensa innsamlinga til materiale som er i samsvar med innsamlingsplanar og dokumentasjonsprosjekt.

I samband med dokumentasjonen på Vik samla me inn nokre plastprodukt frå tomat, agurk og grønnsakproduksjonen. Med tanke på vitensenter og industriavdelinga på Sandnes, er me glade for at Gand vidaregåande Skole har gjeve oss TESA-roboten frå slutten av 1960-talet. Det er ein svært sentral gjenstand i automasjonutviklinga.

Elles har me teke imot ein del utstyr til Kviahuset. Me fekk også ein del fint undertøy og sengtøy. Me er glade for å få tilvekst til samlinga av reiskapskatalogar, privatarkiv og faglitteratur.

I samband med Gjesdal kommune sitt arbeid med DFU-samlinga, (sjå omtale annanstad i årsmeldinga), tok museet hand om eit utval tekstilindustrimaskinar. Dei vart sette på lageret på Åmøy. Museet fekk også nokre gjenstandar til samlinga på Kvia.

Jærmuseet har og begynt å flytta eit mindra utval gjenstandar til Åmøy på slutten av året. M.a. måtte Jærmuseet flytta ut av det mellombels lageret på Oma før jul.



*Det krevst konsentrasjon om ein vil smi spiker. Dette året blei smia teken i bruk i undervisninga.*

#### Takk til følgjande gjevarar:

Nærbø Sauealslag, Hå; Jone og Jarle Wiig, Klepp; Joleiv Ree, Time; Hilde Sjo Håland, Time; Stein G. Sægrov, Oslo; Norsk Teknisk Museum, Oslo; Gerald Ueland, Hå; Guri Friestad, Hå; Ruth Ueland, Hå; Tore Vik, Hå; Terje Mellomstrand, Hå; Joakim Anda, Hå;

Aadne Malmin, Sandnes; Sverre S. Undheim, Time; Sverre Skjæveland, Time; Torlaug Valvik, Sola; Sola kulturkontor; Jostein Lindland, Tvedestrand; Reidar Thu, Klepp; «Bondevennen» ved Dag Raustein; Jon Rusdal, Hå; Liv Monsen, Sola; Per Ivar Vold Nerheim, Hå; Gand vid.skole v/ Steinar Ims, Sandnes; Peder S. Høyland, Hå; Edv. Jaatuns arvinger ved Einar Jaatun, Stavanger; Ragna Syversen, Sola; Torill Larsen, Klepp.

### Registrering, ordning og pakking

Gjennom store deler av året har museet hatt ein person i 50 % stilling som har arbeidd med gjenstandsamlinga og fotosamlinga. Me har derfor kome langt med å fotografera, registrera og pakka tekstilsamlinga i øskjer. T.d. er museet sine 250 T-skjorter registrerte med foto i WinRegimus. Nå ventar me berre på å ta ibruk det nye tekstilmagasinet, slik at øskjene kan komma på rett plass. Me har òg halde fram registreringa av gjenstander i Kviahuset.

Noko av tida vart nytta til å registrera svart-kvitt foto frå Kverneland as. Her tok me ut ei gruppe småbildenegativ frå 1960-70 talet. Desse vart registrerte på serienivå, dvs. kvar film a 36 foto er registrerte i databasen. Det vil seia at bak vel 1700 registreringar skjuler det seg om lag 50 000 foto.

Dette året tok me ibruk registreringsprogrammet WinRegimus for alvor. I desember deltok to frå museet på eit tre dagars datakurs for vidarekomne i Bergen.

### Restaurering og vedlikehald Samlingar

Regionmusea sin tekniske konservator Eirik Aarebrot har i løpet av året løyst fleire oppgåver for museet.

**Jærmuseet sine samlingar pr. 31.12.2001**

	Samlingar		av dette er EDB-registrert		
	Tilv 2001	totalt	i 2001	Totalt	restansar
Samlingar (aksjesjonar)	31	614	0	327	287
Gjenstander	248	5.892	325	4.032	1.860
Eigne foto	1121	27.775	0	10.196	17.579
Fotografi i samlingar	2	ca 36.500	1.728	3.130	ca 33.500
Privatarkiv saml.	3	44	0	37	7
Produktkatalogar	Ca.40	ca 7.000	2	2114	ca.5.000
Avisutklypp		Ukjent tal		2.813	
Lydband	2	277	0	273	4
Video/film	9	ca.355	0	72	283
Teikningar	0	174		174	0
Eige bibliotek	Ca. 200	Ca.4.100	169	3.950	150
Periodika	10	884*	24	884	0

\* Samlinga av periodika utgjer omlag 70 hyllemeter, og boksamlinga utgjer omlag 50 hyllemeter.

Han har også dette året halde fram med å gjennomgå museet sine fotoklisjear. I sommar reingjorde han to store modellar av Ålgård og Figgjo for Gjesdal kommune. Modellane er nå utstilt i Veveriet på Ålgård. Han har også demontert og reingjort 30 fotografi og diplomar i rammer.

**Heimehuset på Kvia**

Teknisk konservator har behandla delar av huset mot borebille. Han har også tatt prøver av fukt i kjellaren for å vurdere om det er naudsynt med tiltak.

2.-3. oktober 2001 heldt NMU eit kurs i forebyggende konservering på Jærmuseet. Jon Brønne, NIKU, Lisa Nilsen og Espen Hernes frå NMU var førelesarar. Som del av kurset var det gruppearbeid i heimehuset der ein undersøkte mulege feil og mang-

lar. Det vart sagt mykje positivt om tilstanden: god almenntilstand og godt reinhald. Men me fekk også gode råd om ting som kan forbeistrast.

**Audamotland**

Dei tyngste og største restaureringsarbeida er nå på plass. Huset er tett, innvendige konstruksjonar er retta opp. Men ennå gjenstår ein del detaljar, og alt «det ytre» – vindaug, takpanner, kledning. «Folgestova» er eit stort problem, her er det lagt over plastpresenning.

Etter ei synfaring med Jon Brønne frå NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) i samband med konserveringskurset (sjå ovanfor) viste det seg at heimehuset på Audamotland kanskje kan kasta yttarlegar lys over bygningshistoria på Jæren – m.a. fann

Brønne restar etter det som kan vera 16-1700-tals dekkormaling og spor etter såkalla «veggtrekk» (malt lerret). Fylkeskultursjefen fann dette så interessant at han har løyvd midlar til nærare bygningsdokumentasjon v/NIKU våren 2002.

Ved hjelp av midlar skaffa av miljøvernssjefen i Hå kommune har Isak Haddeland m.fl. pussa opp og innreia fjøset til naturfagsrom/undervisningsformål. Veggene i fjøset er kalka, vindauga og dører er sette i stand og rommet er innreia med bord og benkar. Skorsteinen i brunnhuset er og mura ferdig. Låven er innreidd med oppheng for 6 familiekanoar og 20 redningsvestar.

**Museumsbygget**

På grunn av taklekkasjar under særskilde vindretningar, var det nødvendig å leggja om delar av taket mot sør. Dette vart gjort av tømmermennene som hadde oppdraget med utstillingsbygget.

Dører og vindaug er sett inn med ei blanding av olje og impregnering. Golva er grundig reingjorde, og det vart utført støvsuging og nedtørking av støv over heile bygget.

*Husa på Kviagarden* er måla, det gjenstår berre litt på heimehuset. Ein har også flikka litt på grunnmuren til heimehuset.

**Verkstaden**

Ny mekanikar var på plass i november. På grunn av plassmangel har verkstaden dels fungert som lager, men mot slutten av året vart alt utanom verkstadmaskinar og anna nødvendig utstyr rydda ut.

Mekanikaren hadde med seg eigen fresemaskin. Ein del anna nødvendig verkstadutstyr vil bli kjøpt inn

over nyttår. Det er montert fleire stikk-kontaktar i verkstaden og utført ein del anna elektrikararbeid.

Dette året har me også brukt smia i undervisninga. Fleire skuleklassar har vore med og smidd spikar. Ein stor slipestein, som er tenkt til ljåsmiing, har fått nytt understell.

**Restaurering**

Dette året er det berre utført ein del mindre reparasjonar på maskinar og utstyr.


Mekanikaren har vølt bremsar og tenningsanlegg på ein Ferguson frå 1950-talet. Denne skal nyttast til transport av publikum, «Gråtassen» er etterspurd mellom ungane.

Mekanikaren har tatt opp att restaureringa av Herkules-traktoren som Sverre Skjæveland begynte på før han vart pensjonist.

**Reiser, seminar, møte, andre tilskipingar m.m.**

Museet sine tilsette har deltatt på følgjande tilskipingar, møte etc:

*Målfrid Snørteland* har dette året vore leiar i Hå Reiselivsforum og styremedlem i Reiselivsforumet i Rogaland, medlem i byggeskikknemnda i Gjesdal og i redaksjonen for bok om tradisjonsmat i Rogaland. Ho har deltatt/representert Jærmuseet på møta i Nettverk av norske vitensentra (NAV) 1.02, 22.02, 7.11 og møte med stortingsrep. Odd Einar Dørum 4.05, og har elles deltatt på følgjande arrangement: 10.01: HSH-kurs i lokale forhandlingar, Stavanger, 14.02: Skoleleiar-samlinga i Rogaland, innlegg om vitensenter, 22.03: årsmøte Hå Reiselivsforum, Holmavåtn, 5.-8.04: studietur til Isle of Man arrangert av Rogaland fylkeskommune, 22.-24.04: landsmøte i Norges Museums-



forbund, Skien, 3.05: møte om vitensenter, Rogaland fylkeskommune, Stavanger, 3.05: generalforsamling i Jonas Øglænds bedriftsmuseum, Sandnes 25.06: generalforsamling Reisesmål Jæren, Jærmuseet, 29.06–6.07: ICOMs verdenskongress i Barcelona, 6.08–9.08: Ekskursjon til Cité des sciences et de l'industrie i Paris, 23.–26.08: studietur til Horsens, Vejle og Kolding saman med Sandnes kommune, 7.–8.09: seminar/landsmøte Fyrhistorisk forening, Hå, 13.09: kåseri «Mat på Garborgs tid», Fotland, 19.09: møte i Rogaland Museumsråd, Utstein Kloster, 25.09: Sandnes Næringsforening, innlegg om vitensenter og museumsplanar i Sandnes, 25.09: seminar om delegeringa av kulturminnevernet/kulturminneforvaltninga, AmS, 27.09: møte Sandnes kommune/«Horsensgruppa», innlegg om museumsplanane i Sandnes, 2.10: møte om konsolidering, forhandlingsutvalet Hå kommune, 4.10: møte om konsolidering, forhandlingsutvalet Klepp kommune, 10.10: møte om konsolidering med Time kommune, 12.–13. 10: studietur Experimentarium, København, 15.10: møte med formannskapet i Gjesdal, 19.10: møte med inforavdelinga Lyse Energi, 21.–23.10: oppfølgjingsseminar leiarutviklingsprogrammet i musea, Bergen, 29.11: forhandlingsutvalet Hå kommune, 7.12: møte med skulesjef

*I november hadde vennelaget aktivitetsdag. På det øvste bildet er Tollef Åsen (til venstre) læremeister for Joakim Anda. Dei skal laga sopelime av bjørkeris. På det nedste bildet viser Martha Møllerup Bernssen og Astrid Risa korleis smultringane skal lagast. Astrid Jessen var også med på denne aktiviteten.*

Lindal, Hå, 14.12: idedugnad om utstillingstemaet «husdyr», Veterinærhøgskolen, avd. Høyland.

*Målfrid Grimstvedt* er medlem av Bunad og Folke-draktrådet og Referansegruppa for Museenes Datatjeneste. Ho har deltatt/representert Jærmuseet på følgjande arrangement: 1.02 Møte i Referansegruppa for Museenes Datatjeneste, Oslo; 2.02 Årsmøte i Senter for konserveringstjenester, AmS, Stavanger; 7.03 Føreling på studiet «Drakt og Samfunn», Vestnorsk Kulturakademi, Voss; 13.03 Opning av Dalane Folke-museum sitt nybygg, Egersund; 19.–21.03 seminar om samtidsdokumentasjon på Gran, 24. mars Foredrag på årsmøtet i Norsk Folkedraktforum, Oslo; 4. april Kåseri om bunader for NATO Womens Club, Jåttånuten; 26.04 Presentasjon for redaksjon og forfattare av Norsk Landbrukshistorie på Jærmuseet; 27.04 Møte i Museumsrådet i Rogaland; 2.05 Befaring til kvernhus på Fløysvik med Sandnesmuseet og Sandnes Kulturkontor; 6.06 Møte i Referansegruppa for Museenes Datatjeneste; 8.06 Deltok på Pressehistorisk seminar, Stavanger; 29.06–6.07 Deltok på ICOMs verdenskongress i Barcelona; 6.08–9.08 Ekskursjon til Cité des sciences et de l'industrie i Paris; 23.08 Møte i Nettverk for norske vitensenter, Oslo; 5. og 6.09 To førelingar på studiet «Drakt og samfunn», Fagernes; 2.–3.10 Deltok på NMUs kurs i forebyggjande konservering, Jærmuseet; 10.10: møte om konsolidering med Time kommune, 12.–14.10 Ekskursjon til Experimentarium i Kjøbenhavn; 29.11 Deltok på seminar om ABM-meldinga, Oslo; 11.–13.12 Kurs i WinRegimus, Bergen

*Inger Smidt Olsen* har deltatt / representert Jærmuseet på følgjande arrangement: 10.01.Stavanger: HSH-kurs i lokale forhandlingar, 19.–21.3. Gran: se-

minar Dokument 2000, 19.04. Klepp: rådsmøte Jæren Museumsråd, 7.09. Obrestad: Seminar og årsmøte Norsk Fyrhistorisk Forening, 2. og 3.10. Jærmuseet: konserveringskurs, 6.–8.10. Bodø: fagseminar, Norsk Luftfartsmuseum, (for FMS), 15.–16.10. Lillehammer: seminar Dokument 2000, 18.10.:synergimesse Stavanger Idrettshall, 31.10. Stavanger: konferanse, «den kulturelle skolesekken», 14.11. Oslo: dagskonferanse; nettverk for museer innen teknologi, industri og samferdsel (på Norsk Teknisk Museum), 3.12.: Studietur/omvisning Øksnevad vidaregåande skule og Oltedal kraftstasjon, 11.–13.12. Bergen: datakurs. Møter fast på styremøta på FMS og har deltatt på andre møte og arrangement ved FMS.

*Lars Ødemotland:* 12.–13.10: studietur Experimentarium, København, 25.–28.10: studietur til England med «Gammeltraktorens Venner».

*Bjørge Sandve* sit i styret for Potetfestivalen og har elles deltatt på følgjande arrangement: 5.04: kurs om innsekt og edderkoppar, 18.04: kurs «Kva er service», Hå Reiselivsforum, 2.–3.10: kurs i førebyggjande konservering.

*Knut Austad:* 5.–8.4.: studietur til Isle of Man arrangert av Rogaland Fylkeskommune, 12.–13.10.: studietur Experimentarium, København.

*Styreleiar Martha Ulvund* deltok på ekskursjon til Cité des sciences et de l'industrie i Paris, 6.08–9.08, 2.10 og 7.12: møte om konsolidering, forhandlingsutvalet Hå kommune, 10.10: møte om konsolidering med Time kommune.

*Rådsordførar Liv Todnem* deltok på møte om vitensenter med Rogaland fylkeskommune 3.05 og forhandlingsmøte om konsolidering med Klepp kommune 4.10.

## Arbeidet i kommunane

### Sola

Jærmuseet sette opp matutstillinga i Sola i januar og februar 2001. Sola kulturkontor stod for formidlinga.

### Flyhistorisk Museum Sola

*Utstilling og formidling:* Dette året har 2 interaktive utstillingselement komme på plass i utstillinga. Dei to stasjonane, ein vindtunnel og «Ball i luften», har aerodynamikk som tema: kvifor kan fly letta og bevega seg i lufta? Eksperimenta bygger på vitensenterpedagogikken og lar publikum sjølv få prøva seg fram for å læra og finna ut av ting.

Dei to stasjonane er produserte ved Jærmuseet av Lars Ødemotland og Leiv Larsen, og har blitt utvikla i samspel med lærarar og elevar frå Sola som har vore «forsøkskaninar». I samband med dette har det vore fleire møte med skulane. Utstillingane i hangaren er også blitt supplert med nye montrar der ein m.a. får presentert uniformer og div. mindre gjenstandar saman med flya.

Konservator har også hatt ein del gruppeomvisningar på museet i løpet av sesongen.

*Registrering/katalogiseringsarbeid:* Edb-registrering av foto, gjenstandar, bøker og arkivmateriale har halde fram denne sesongen. I 2001 vart 124 bøker, 15 arkivsaker, 27 gjenstandar og 123 foto registrerte. Til saman 33 aksjonar vart tilvekstførte dette året.

Oversikt over registrerte bøker/tidsskrift og foto/video er tilgjengelig i biblioteket på FMS. Pr. 31.12.01 var 361 bøker/tidsskrift, 746 foto/video, 39 gjenstandar og 15 arkivsaker edb-registrerte.

*Bevaring/sikring:* Samarbeid med Senter for konserveringstjenester og Eirik Aarebrot har halde fram



*Ivirige hender på epleopptak, elevar frå Motland skule.*

dette året. Han har konservert ei skinnjakke, hatt gjenstandar til elektrolyse/konservering og gitt råd i arbeidet med klimaregulering i utstillingsmontre i hangaren. Rydding og pakking av uniformer i syrefri emballasje har halde fram i 2001.

### Randaberg

Jærmuseet har deltatt i arbeidsgruppa for vitensenter på Tungenes Fyr. (Jfr. og forprosjekt for Vitensenter på Jæren.)

### Time

Synfaring med Sigbjørn Reime til Knudaheio og Garborgheimen (14. nov).

### Gjesdal

#### *DFU-samlinga*

Jærmuseet har vore engasjert av kultursjefen i Gjesdal frå desember 2000 til september 2001 for å gjennomgå samlinga og gi råd om kva som bør bevarast. Noko er utført som betalt oppdrag og like mykje er gjort på Jærmuseet si rekning. Det hadde vore ønskeleg og nytta meir tid, men arbeidssituasjonen på museet gjorde at det var uråd.

Gjesdal kommune vedtok i kommunestyremøte 19. april 2001 at kommunen ikkje vil bygga opp eit eige industrimuseum. Det vart då vedteke ein plan for korleis museumssamlinga frå DFU skal handterast. Planen har til formål å gi ein DFU-identitet til kom-

munen. Jærmuseet har utført følgjande arbeid i den samanheng: 30% av arkivmaterialet er flytta frå Rådhusloftet til brannsikre lokale, og me har stått for grovsorteringa. Når alt er gjennomgått skal dokumenta overførast til DFU-arkivet på Statsarkivet i Stavanger. Førrebeles oppbevarer Jærmuseet den eldste delen av dette.

Biblioteket vart opna i Veveriet 13. august. Biblioteket skal være hovedformidlar av lokalhistorisk bygdeutvikling gjennom tilgang på arkivmaterieell (data), film/video og historiebøker. Jærmuseet har, etter oppdrag frå Kulturkontoret, laga ei permanent utstilling i biblioteket, med vekt på tekstilproduksjonen. Pga. plassmangel inneheld utstillinga ingen store gjenstander. Men to flotte modellar av fabrikkannlegga på Ålgård og Figgjo er med.

Museet har laga eit ideutkast til utstilling i Stora-huset. Her har me lagt vekt på huset si historie i DFU-tida: rom for storhusholdninga på 1890-talet, kontor og administrasjon for bedrifta på Ålgård, men også Ålgård som kjernen i DFU.

Den viktigaste gjenstandsgruppa som kommunen ikkje ønskjer å stilla ut eller å ta vare på lokalt er sjølvve industrimaskinane. Det er ikkje tale om mange eller spesielt store maskinar. Då DFU i 1993 la ned tekstilproduksjonen selde dei alle maskinar som hadde ein salsverdi. Men det er 10–15 maskinar som bør inngå i ei regional industrihistorisk samling.

Jærmuseet har tidlegare lagt vekt på at den regionale tekstilindustrien er eit tema som burde vore tatt vare på og formidla i Gjesdal. Nå har kommunen vedtatt at dette ikkje er aktuelt. Tekstilindustrien vil derfor bli del av arbeidsoppgåvene til Sandnes Museum. I den regionale tekstilindustrien er DFU ein av mange bedrifter, men ho er den eldste og var lenge den største. Dei større tekstilmaskinane og utstyret som vil ha interesse i ei regional utstilling vart flytta til Jærmuseet sitt nye magasin på Åmøy. Det gjenstår ennå nokre fleire sentrale maskinar som skal flyttast. DFU-samlinga inneheld også modellar av dei andre fabrikkannlegga innan DFU. Norsk Teknisk Museum i Oslo har fått desse.

#### Sandnes

Det har vore ein del møteverksemd i samband med intensjonsavtalen og førebuingane til samanslåing av musea.

#### Hå

Det har vore fleire møte i samband med konsolideringsdrøftingar mellom Hå kommune/Hå bygdemuseum og Jærmuseet.

*Alle foto i årsmeldinga er tekne av Jærmuseet, der ikkje anna er opplyst.*

# Resultatrekneskap 2001

Jærmuseet

	2 001	2 000
<b>Inntekter</b>		
Faste offentlege tilskot	4 517 083	3 088 000
Salsinntekter	210 687	292 101
Entreinntekter	342 417	329 119
Utleige	160 386	137 375
Boksal	65 768	44 943
Medlemsskap/annonser	118 840	109 708
Jordbruksinntekt	62 278	78 586
Diverse inntekter	65 050	60 104
Bruk av øymerka tilskot	707 200	228 232
Refusjonar	24 272	13 390
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>6 273 981</b>	<b>4 381 558</b>
<b>Driftskostnader</b>		
Lønnskostnader	2 671 571	2 337 934
Honorar		7 808
Sosiale kostnader	728 187	514 984
Innkjøp av varer for sal	172 016	228 711
Kjøp inventar og materieell	132 277	42 764
Vedlikehald bygg	296 165	37 296
Vedlikehald anlegg	319 301	102 126
Vedlikehald utstyr/samlingar	92 512	25 793
Andre prosjekt	144 645	
Kontor og adm.kostnader	251 878	169 173
Straum og reinhald	154 707	134 715
Lagerleige	36 591	34 232
Avgifter/forsikringar	79 590	78 267
Reiser/kurs/transport	202 841	183 324
Gardsdrift	84 539	88 072

Marknadsføring/utstilling	209 835	136 347
Publikasjoner/dokumentasjon	172 593	110 488
Andre driftskostnader	238 533	126 351
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>5 987 781</b>	<b>4 358 385</b>

<b>Driftsresultat</b>	<b>286 200</b>	<b>23 173</b>
Renteinntekter	559 489	492 512
<b>Årsresultat</b>	<b>845 689</b>	<b>515 685</b>

<b>Overføringer</b>		
Overført annen egenkapital	845 689	515 685

# Jærmuseet rekneskap 2001

Balanse pr. 31.12.2001

EIGENDELAR	NOTE	2 001	2000
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Byggetrinn 1	2	0	0
Byggetrinn 2	2	0	0
Inventar/utstyr	2	0	0
EDB-utstyr	2	0	0
Samlinger	5	200 000	200 000
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>200 000</b>	<b>200 000</b>
Innskot Nærbø Handelslag		3 399	3 399
Eigenkapitaltilskot KLP		16 906	16 906
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>20 305</b>	<b>20 305</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>220 305</b>	<b>220 305</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		151 364	178 321
Andre kortsiktige fordringar			3 052
<b>Sum fordringar</b>		<b>151 364</b>	<b>181 373</b>
<b>Bankinnskot kontantar og liknande</b>	4	<b>6 945 015</b>	<b>6 378 791</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>7 096 379</b>	<b>6 560 164</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>7 316 684</b>	<b>6 780 469</b>

## BALANSE EIGENKAPITAL OG GJELD


<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnkapital	5	200 000	200 000
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		2 955 638	2 109 951
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>3 155 638</b>	<b>2 309 951</b>


GJELD			
<b>Ubrukte øymerka midlar</b>			
Ubrukte midlar, byggetrinn 1	1	255 188	255 188
Ubrukte midlar, byggetrinn 2	1	641 869	1 009 414
Vitensenterutstillingar	1	1 606 418	
Andre øymerka tilskot	1	381 649	545 267
<b>Sum ubrukte øymerka midlar</b>		<b>2 885 124</b>	<b>1 809 869</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Hå kommune		288 000	288 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>288 000</b>	<b>288 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		424 412	1 891 810
Skuldig skattetrekk		121 854	128 998
Skuldig arbeidsgjevaravgift		93 706	68 769
Skuldige feriepengar inkl.arb.gj.avg		337 244	274 319
Skuldig meirverdiavgift		10 706	8 753
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>987 922</b>	<b>2 372 649</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>4 161 046</b>	<b>4 470 518</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>7 316 684</b>	<b>6 780 469</b>


Nærøy, 4. mars 2002


Martha Ulvund  
Styreleiar


  
Roald G. Bergsaker


  
Tor Audun Bilstad


  
Kåre Hauge


  
Solveig Horne Kolnes


  
Inger Smidt Olsen


  
Ivar Rusdal

  
Gunnar Sigveland

  
Liv Todnem

  
Tom Tvedt

  
Arnlinn Vigrestad

  
Målfrid Snørteland  
Museumsstyrar

# Forsattaromtale

## Anne Torunn Braut

f. 1964 i Klepp. Cand. philol, hovedfag i historie fra Universitetet i Bergen 1996.

Museumspedagog ved Krossen Havremølle Museum, Sandnes kommune 1997-2002, nå Jærmuseet avd. Sandnes museum.

## Torbjørn Hertel-Aas

f. 1940 i Stavanger. Frå 1992 til 1999 var han knytta til Jærmuseet som prosjektmedarbeidar.

Medforfattar av boka «Med sauen til heis» (Jærmuseet 1996).

Cand. philol. med hovudfag i historie ved Universitetet i Bergen våren 1998.

## Målfrid Grimstvedt

f. 1949 i Stavanger. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Oslo 1978. Har arbeid som konservator ved Jærmuseet sidan 1987.

## Einar Lea

f. 1933 i Sandnes. Bedriftsøkonom. Arbeidde hos Kverneland–Underhaug frå 1960 til 2000 som innkjøps- og marknadssjef.

## Mette Paavola

f. 1966 i Stavanger. Cand. philol, hovedfag i kunsthistorie, bygningsvern Universitetet i Bergen 1998. Undervisningsstilling på Kunstsolen i Rogaland 1999–2000, vikariat på Rogaland Kunstmuseum 2000, utstillingskonsulent Rogaland Kunstsenter 2000–2001. Kulturvernleder Sandnes kommune fra 2001.

## Sverre Skjæveland

f. 1928 på Skjæveland i Høyland. Først møbel-snikkar, så siviløkonom i 1954. Hovudoppgåva til eksamen hadde ordlyden: «Møbelindustrien i Skandinavia». Industridepartementet tilsette han som konsulent med ansvar for møbel- og trevareindustrien.

I 1959 tok han over Gjesdal Møbelfabrikk og starta samstundes eiga konsulentverksemd. Etter salet av Gjesdal Møbelfabrikk i 1984, var Skjæveland bedriftsrådgjevar til 1995.